



# **FLORA HAMN KF**

## **VEDERLAG 2018**

**Gjeldande frå 01.01.18 til 31.12.18**

**Vederlaget blir kravde ved alle Flora hamn KF sine kaier.**

Vederlaga er like for alle Flora hamn sine kaier.

Vederlaga skal godkjennast av styret i Flora hamn KF kvart år.

### **SPESIELL HAMNEVEDERLAG**

**1) Lokale båtruter som dagleg trafikkerer hamna.**

- Disse betalar årsvederlag etter følgjande satsar:

Tildelt plass v/ off. kai-døgnplass: kr 610,- per brt.

**2) Bil over offentlig ferjekai**

- Betaler eit vederlag på kr 10,- pr. køyretøy pr. tur. Gjeld alle offentlege ferjekaier.

**3) Farty/ lekterar som vert nytta til bustad eller lager.**

- Betaler eit vederlag på kr 20,- per brt. per måned eller del av måned.

**4) Mindre farty i næring virksomhet med fast båtplass ved flytebrygge i indre hamn. (taxibåtar m.m.)**

- Betaler eit årleg kai vederlag på kr 20.000,-

### **KAI VEDERLAG**

Med dei unntak som er nemnd nedanfor, skal alle farty som nyttar kommunen sine offentlege kai anlegg svare kai vederlag etter følgjande satsar:

Av dei første	5000 BRT.	kr 0,58 / brt.
Av dei neste	5000 "	kr 0,50 / brt.
Deretter, over	10.000 "	kr 0,45 / brt.



### **MINSTEVEDERLAG:**

kr 400,- for farty på 15m og større.

kr 200,- for farty mindre enn 15m,

*Kaivederlaget skal betalast for kvart påbegynt kalenderdøgn.*

Det skal betalast kaivederlag for å legge til kaier eigd av Flora Hamn KF. Liggetida vert rekna f.o.m. fartøyet sin ankomst til kaia, og til det forlet den att.

Kaivederlaget gjev rett til å ligge ved kai i inntil eit døgn. For fartøy som etter ordre frå hamneoppsynet må forhale frå kaia, for å gje plass for eit anna fartøy, og deretter legge til kai igjen, reknast liggetida som om fartøyet heile tida har lege ved kaia. Skifter eit fartøy frå offentleg kaiområde til privat kaiområde innan hamnedistriktet for lossing/lasting, reknast liggetida for avbroten.

Eit og same fartøy som går i fast rute og som går til offentleg kai fleire gongar i løpet av eit kalenderdøgn, betaler kaivederlag berre for bruk av kai. Fartøy som ligg ved kai i meir enn eit døgn må betale nytt vederlag for kvart døgn det ligg ved kai.

Farty som dagleg trafikkerer hamna i passasjersamanheng, og som betaler spesiell vederlag, er fritekne frå kaivederlag.

### **RABATT**

Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan får 30% rabatt på kaivederlaget.

Hurtigruteskipa får ein ekstra grupperabatt slik at kaivederlaget blir:

For hurtigruteskip over 10.000 brt. kr 2075,- per anløp.

For hurtigruteskip mellom 5.000-10.000 brt. kr 1800,- per anløp.

For hurtigruteskip under 5.000 brt. kr 950,- per anløp.

Fiskefarty frå 30m opp til 50m, heimhøyrande i Flora kommune, kr 10.000,- pr år\*

Fiskefarty frå 15m opp til 30m, heimehøyrande i Flora kommune, kr 6 000,- pr. år.\*

Fiskefarty opp til 15m, heimehøyrande i Flora kommune, kr. 3 000,- pr. år.\*

\*gjelder inntil 40 døgn i året og kun ved fiskeriflytekaia ved Amfi, fiskerikaia i Hesteneset eller anna tilvist kai etter avtale med Flora Hamn KF. Det er eit krav at brukarar med årsavtale alltid meldar frå ved ankomst og avgang.

### **PASSASJERVEDERLAG**

Det skal krevjast inn kr 3,00- i passasjervederlag for kvar passasjer som reiser til eller frå passasjerterminalen på Fugleskjerskaia.



## FORTØYING/OPPMØTE

Dagtid (Virkedager 08:00-15:00) kr 600,- pr time

Kveld/Natt/Helg (Virkedager 15:00-08:00) kr 1200,- pr time

## OPPLAGSVEDERLAG - SKIP

Omfatter godkjent opplagsplasser innanfor eigarkommunens sjøområder. Avtale om opplag skal gjerast skriftleg mellom kunde og FH. Vederlag for opplag fastsettast ut frå fartøyets størrelse uavhengig om fartøyet nyttar anker eller ikkje. Dersom ikkje anna er avtalt gjeld følgjende prisar for kaldt opplag over 3 mnd:

<b>Fartøystørrelse</b>	<b>Pris</b>
Fartøy under 50 meter	kr. 10.000,- pr måned
Fartøy mellom 50-75 meter	kr. 15.000,- pr måned
Fartøy mellom 76-100 meter	kr. 20.000,- pr måned
Fartøy mellom 101-150 meter	kr. 30.000,- pr måned
Fartøy større enn 151 meter	kr. 45.000,- pr måned

## OPPLAGSVEDERLAG - VARER

Gods som er landa og vert liggjande ut over 48 timar på offentleg kai, svarer følgjande vederlag:

I skur/ under tak: kr 10,- per m2 per døgn

Uteareal: kr 7,- per m2 per døgn

## KORTIDSLEIE AV AREAL (INNTIL 6 MND)

Kortidsleie av areal på ISPS-terminal: kr 85,- per m2 pr mnd.

Kortidsleie av areal på ikkje ISPS-terminal: kr 75,- per m2 pr mnd.

Kortidsleie gjeld kun når det på førehand er gjennomført avtale.

Bruk av kaiareal i forbindelse med festivaler og spesielle arrangement etter avtale.



## AVFALLSVEDERLAG

I medhald av Forskrift om begrensning av forurensing (FOR 2004-06-01 nr 931) skal omkostningar knytt til mottak og viare handtering av avfall frå skip dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr frå dei som anløper hamna. Omfanget av gebyret skal bereknast på grunnlag av skipets bruttotonnasje (BT), og eller levert mengde.

Fartøyer som anløper kaier til flora hamn, der det er utplassert avfallscontainer, betaler pr. anløp eit vederlag etter følgjande satsar:

Skip mellom 50 og 100 BT	Kr.	30,00
Skip mellom 101 og 1000 BT	Kr.	150,00
Skip mellom 1001 og 3000 BT	Kr.	300,00
Skip mellom 3001 og 5000 BT	kr.	400,00
Skip mellom 5001 og 10000 BT	Kr.	800,00
Skip mellom 10 001 og 20 000 BT	Kr.	1200,00

Skip over 20 000BT betaler for faktiske kostnader, med tillegg av 10% til administrasjon.

Vederlaget vert ilagt sjølv om skipet ikkje benytter seg av tilbødet.

Dette gjeld bysseavfall og emballasje av skipsfornødenheter. Avfall og dønnage frå lasteromma, samt utrangert fiskebruk av enhver art betaler for faktiske kostnad inkl. transport og containerleige med tillegg av 10% for administrasjon.

Såkalla "Spøkelses-garn" kan leverast vederlagsfritt mot at det er innmeldt til Flora Hamn på førehand.

Det vert gjeve fritak eller fråfall av gebyr dersom det kan dokumenteras at avfallet vert levert fast i ei anna hamn og det kan dokumenteras at denne hamna har mottaksordning i samsvar med kapittel 20 i forskrifta, eller at særlege omsyn tilseier det.

Fartøy under 50 BT er fritatt for avfallsgebyr.

## ISPS- VEDERLAG

ISPS-fartøy betaler eit vederlag på kr. 0,16/bt per døgn.

ISPS- passasjerfartøy betaler i tillegg eit vederlag på kr. 15,- pr. passasjer.

Alle farty over 15 meter som benytter seg av ISPS-terminal skal betale ISPS-vederlag uavhengig om fartyet er eit ISSC-farty eller ikkje.

Fartøy som ikkje har ISSC-sertifikat er fritatt for ISPS-vederlag ved anløp der hensikta kun er bunkring av drivstoff og bunkringspersonell er tilstades under heile anløpet, og ISPS-infrastrukturen elles ikkje vert nytta.

Dersom eit fartøy som følgje av høyna sikringsnivå eller andre krav om bord krever ekstra sikkerhetstiltak under hamneoppholdet, vil kostnadane for desse tilleggstilltaka belastast rederiet.



## ISPS- ANDRE AKTØRAR

Faste transportørar, leverandørar, brukarar og andre leigetakarar i ISPS-anlegga til Flora Hamn KF, kan signere transportsikringskontrakt tidligare kalla "Sikkerheitserklæring frå fast aktør" som gjev anledning til ein del driftsfordelar på sikringsnivå 1 ihht. til ein kvar tid gjeldande sikringsplan. Dersom det er tvil om at aktør ikkje gjennomfører plikter ihht. transportsikringskontrakt vert aktør rekna som aktør utan transportsikringsavtale.

Alle aktører som ønskjer transportsikringskontrakt må søke Flora Hamn KF.

Det er vederlagsfritt å få transportsikringskontrakt – transportsikringskontrakt er eit krav for utstedelse av faste ISPS-adgangskort og faste kjøretilganger og unntar aktør frå kravet om 5% gjennomføring og kontroll av alle innpasseringer til havneanlegget ved nivå 1.

Når det vert gjennomført lastning/lossing av ISPS-fartøy ved Flora Hamn KF sine kaier så er det ønskelig at aktør har inngått ein transportsikringskontrakt og har godkjentpersonell som kan utføre sikringsoppgåver i tillegg til laste/losse operasjon.

Aktører som ikkje har transportsikringskontrakt eller har tilgjengelig godkjent sikringspersonell som kan ivareta plikter ihht. sikringsplan og som ønskjer å utføre laste/losse operasjon vil Flora Hamn KF stille med sikringspersonell. Aktør som laster/losser vert fakturert pr time frå ein time før til ein time etter ankomst av fartøy etter priser beskrive under "fortøyning/oppmøte".

### **Adgangskort - Personlig:**

Utsteding av ISPS-adgangskort blir gjort vederlagsfritt første gang og er personlig. Aktører med HMS-kort i bygg og anlegg frå Arbeidstilsynet kan søke om å nytte dette kortet som adgangskort.

Årlig vederlag for ISPS-adgang : kr. 50 per person.

Utsteding av nytt ISPS-adgangskort : kr. 300

Gebyr for tapt/ødelagt ISPS-besøkskort : kr. 400

Adgangskort eldre enn 5 år kan skiftast ut vederlagsfritt.

Tilgang til besøkande utan bil vert gjeve utan kostnad for den besøkande, tap av eventuelt lånt adgangskort vert fakturert kr 400

### **Adgangskort - Kjøretøy:**

For utstedelse av kjøretilganger for faste transportørar så må det ligge til grunn ein signert transportsikringskontrakt og den tilsette må ha eige ISPS-adgangskort, og kjøretilgang vert belasta eigar av kjøretøy eller dens arbeidsgivar med kr. 300,- pr. kjøretøy pr år. Servicebedrifter belastast med kr 150,-

Kjøretøy som blir erstatta med eit kjøretøy som allereie har kjøretilganger blir belasta med kr 100,-

Nye kjøretøy som blir registrert før 01.10 kvart år vert belasta med årsgebyr.

Midlertidig kjøretilgang vert belasta kr 50,- pr døgn for besøkande til terminalen for gods- og varetransport. Dette vert fakturert etterskuddvis og fakturering vert gjennomført 4 gongar i året.

Generelt anbefalast det å inngå ein transportsikringskontrakt.

Privatkundar som kan framvise gyldig dokumentasjon på henting av varer, vil ikkje belasta for vederlaget. Det er speditørens ansvar å utstede dokumentasjon til privatkundar.

## STRØM

Strøm vert fakturert etter forbruk.

Strøm pr kWh: kr. 1,50,-



For mindre farty, kr.100,- pr. døgn.

Levering av strøm utanom ordinære arbeidstid: faktiske kostnader

## FERSKVATN

Fylling av ferskvatn pr tonn: kr.15,- pr. tonn

Minstepris (10 tonn) : kr.150,-

Levering av vatn utanom ordinær arbeidstid: faktiske kostnader.

## VAREVEDERLAG

Reglar for innkrevjing av varevederlag

Varevederlag for inngåande varer kviler på varemottakar.

Varevederlag for utgåande varer kviler på vareavsendar.

For stykkgodsfarty vert vederlaget innkravd av fartyet sin ekspeditør. Hamnesjefen avgjer i kvart enkelt høve kva for farty som vert å nemne som stykkgodsfarty, og kva slags last som skal nemnast som stykkgod. For slike farty skal ekspeditør sende oppgåve til hamnevesenet kvar veke.

Oppgjer skal betalast etter utløpet av kvar måned. Oppgjeret skal følgjast av ei oppgåve over farty og anløpsdato, med tilhøyrande vederlag, samt total sum med frådrag for fastsett innkrevjingsgodtgjerdsle.

Det skal leggjast ved oppgåva ei stadfesting frå firmaet sin revisor om at dei oppgitte summene utgjer varevederlaga, i samsvar med satsane i dette regulativet, for dei varer som er lossa frå dei farty som er nemnd i det angjeve tidsrom.

Varevederlaget skal førast opp på eigen konto og for kvart farty, i mellomrekning med hamnevesenet. Hamnevesenet har høve til ved stikkprøver å kontrollere og kan krevje det materialet som ein finn naudsynt lagt fram.

For varer som kjem med andre farty (bulklstar) skal det betalast varevederlag av vedkommande varemottakar, etter rekning frå hamnevesenet. Ekspeditør eller meklar, eller om fartyet ikkje har slik –fartyet sin førar, skal snarast mogeleg etter ankomst sende hamnevesenet oppgåve over vara si art (sjå regulativ), mottakar og vekt av kvar enkelt mottakar sitt parti.

Varer må berre leggjast på dei stader som hamneoppsynet tilviser. Dei må snarast mogeleg fjernast om ikkje anna er avtala med hamneoppsynet. Varer som vert liggjande utan hamneadministrasjonen si godkjenning, eller som vert lagra utan denne, kan fjernast og lagrast annan stad for mottakar eller avsendar si rekning. Om slike varer ikkje vert henta etter krav, kan hamnevesenet selje dei på auksjon etter vanleg kunngjering.



Varer som ikkje gjev trygd for utlikna kostnader eller som kan vere til ulempe eller skade, kan seljast av hamnevesenet før utløp av tidsfristen i det nemnde kravet, eller destruerast om ein finn det naudsynt.

Om ein finn det naudsynt kan hamnevesenet utbetre ei vare si emballasje mot refusjon av utgiftene.

Hamnevesenet er heilt utan ansvar for dei varer som til ei kvar tid er lagra i lagerhus, på kaier, brygger og på opne lagerplassar.

Det kviler på ekspeditør/ meklar snarast mogeleg etter vara si ankomst å gje hamnevesenet følgjande opplysningar: Vara si mottakaradresse, vekt og mål, skipet sin siste lossedag og vara sin utleveringsdag, m.a...

Vedkomande meklar/ ekspeditør er ansvarleg for at avgiftspliktige varer ikkje vert utlevert før kostnader og avgifter til hamnevesenet er betalt.

### **FRITAK FRÅ VAREVEDERLAG**

Varer som grunna lasta si forskuving, omstuing eller liknande vert landa på kaia for så å verte lasta inn att på same farty.

Tom-emballasje, så som pallar eller containerar, for emballering av varer til utføring.

### **MINSTEVEDERLAG:**

Beløp under kr 15,- per sending vert ikkje kravd inn.

### **VAREVEDERLAG PÅ OFFENTLEGE KAIER**

#### **VARESLAG**

#### **VAREVEDERLAG**

Bensin og olje	kr 12.50-
Fiskefôr	kr 7,-
Fôr- og gjødselstoff	kr 7,-
Murstein, kalkstein, skifer m.a .	kr 6,50-
Sand, singel, pukstein, asfalt	kr 7,-
Fisk, krepsdyr og blautdyr	kr 10.50-
Papp og papir	kr 22,-
Tre og trevarer	kr 21,-
Sement	kr 6,50-
Stål og varer derav	kr 10,50-
Metaller og varer derav	kr 12,50-
Verktøy, maskiner, instrument	kr 52,-
Andre varer	kr 12,50-
Rullande einheiter	kr 85,- pr stk
Vann	kr 15,- pr tonn



Vederlaget vert rekna per 1000 kg eller per 2,5 m<sup>3</sup>, og ein skal velje den metoden som gjev den største avgifta. **Minste vederlagssats er kr 15,- Sendingar under 10 kg er friteken frå vederlag.**

Sum av inngåande og utgåande last per farty- anløp skal leggjast saman, summen vert multiplisert med ein generell vederlagssats på kr 15,- per 1000 kg / 2,5 m<sup>3</sup> (frakttonn).

Kombinasjon av dei to metodane vert ikkje tillaten. Der rekneskapstekniske tilhøve gjer det naudsynt, kan spesielle ordningar avtalast med hamnevesenet.

### **FRITEKEN FOR VEDERLAG ER**

- Bagasje til passasjerar.
- Proviant, bunkers og andre skipstilfang til eigen trong.
- Ballast.
- Post.

## **FLORØ GJESTEHAMN**

Florø Parkering AS er innleid til å krevje inn kaivederlag på Flora Hamn KF si gjestehamn etter følgjende takstar:

- Takstgruppe 6431 : Båtar 00 – 34 fot – kr 150,- pr. døgn
- Takstgruppe 6432 : Båtar 35 – 49 fot – kr 200,- pr. døgn
- Takstgruppe 6433 : Båtar 50 – xx fot – kr 250,- pr. døgn

Kaivederlag på gjestehamna må betalast med anten kort eller app (Easypark – app). Kaivederlag inkluderer vatn, strøm, leveranse av mindre mengder avfall og tilgang til gjesteservicehuset.

### **TENESTER PÅ BRUK AV UTSTYR I GJESTESERVICEHUS:**

Vaskemaskin: 10 kr/timen -> 20 kr pr. vask.

Tørketrommel: 10 kr/timen.

Dusj: 10 kr/pr 3 minutt.

Toalett i gjesteservicehuset: Gratis for gjester i gjestehamna.

### **ENDRING AV DETTE REGULATIVET**

Desse vederlaga gjeld frå 01.01.2018 til 31.12.2018

Vedteke i styret Flora Hamn KF 03.11.2017